FYLKESMANNEN
I SOGN OG FJORDANE

Ureiningstilsyn
Inspeksjonsrapport

Sakshandsamar: Torunn G. Hønsi
Telefon: 57 64 31 43
E-post: torunn.honsi@fylkesmannen.no

Vår dato
12.07.11

Vår referanse
2011/2772
Rapportnummer

Nordfjord Bildemontering AS
Taklo
6770 Nordfjordeid

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: **Nordfjord Bildemontering AS**	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): **982645042** Eigd av (foretaksnr.): **960190084**
Stad og kommune: Taklo, Eid kommune	Kontrolldato: **14.06.11**
Postadresse: **6770 Nordfjordeid**	Anleggsnr. (internt nr.): **1443.0033.01**
	☐ ISO 14001-sertifisert ☐ EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: **Agnar Sætre**	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: **Torunn G. Hønsi og Gøsta Hagenlund**

Desse hovudtema vart kontrollert:

- ☒ Internkontroll (ytre miljø)
- ☒ Miljørisikovurdering
- ☒ Utslepp til luft eller vatn
- ☒ Støy
- ☒ Løyvet med vilkår
- ☒ Forskriftskrav
- ☒ Miljøsanering av kasserte køyretøy
- ☒ Forsøpling og ureining til omgjevnader
- ☒ Fast dekke og oljeavskillar
- ☐ Avfallshandtering ordinært avfall
- ☒ Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)
- ☐ Handtering og bruk av kjemikaliar
- ☐ Datablad

Bakgrunn for kontrollen:

- ☒ Kontrollaksjon

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **4** avvik og gitt ingen merknader. Avvika er nærare omtalt frå side 3 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen vedtek med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 11400,-** for kontrollen. Innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) etter klagefristen har gått ut. De har frist til **20.08.11**, for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Fylkesmannen pålegg verksemda om straks å få miljøsanert alle bilvrak som står utanfor fast dekke, få dei pressa og sendt inn til godkjent sluttbehandlar. Dersom lagringa har medført ureining i grunnen må ureina massar gravast opp og leverast godkjent mottak. Fristen for innsending av dokumentasjon på at dette er gjort vert sett til 20.10.11.

Vi takkar elles for ei grei gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Torunn G. Hønsi
overingeniør

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Nordfjord Bildemontering AS, den 14.06.11**.

Kontrollen vart gjennomført som ein lekk i ein landsdekkande kontrollaksjon retta mot biloppsamlingsbransjen. Vi intervjua sentralt plasserte personar i organisasjonen og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik og merknader som vart avdekt, innanfor dei tema som kontrollaksjonen omhandla. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrollova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å stette styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevnaden. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 20.08.11. Frist for å få fjerna alle bilar som ikkje er miljøsanert og som står utanfor fast dekke vert satt til 20.10.11. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a. Fylkesmannen varslar også at vi vil kome på ny kontroll etter at fristen for opprydding har gått ut.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.

2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.

3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøloverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdata.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Varsel om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. De vert hermed varsla om at vi kjem til å gjere vedtak om kontrollgebyr for tilsynet.

Fylkesmannen varslar i tråd med forvaltningslova § 16, at vi kjem til å gjere vedtak om at Nordfjord Bildemontering AS skal betale eit gebyr på kr. 11400,- (sats 3) for den gjennomførte kontrollen.

Vedtaket vert gjort i eige brev. Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avvik Biloppsamlingsaksjon 2011

Avviksformuleringar av funn ved Nordfjord Bildemontering AS den 14.06.11

(nummer på avvik i underpunkt viser til interne rapporteringsnr. vi brukar ovanfor Klif, for å lettare kunne samanfatte resultat for heile landet):

Avvik 1: Verksemda si miljøsanering av kasserte bilar har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 4–5, avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrot), Løyvet dagsett 17.06.2004, punkt 2 og 3

Avvik nr.

1D) Lista over kva som skal takast ut av bilen ved miljøsanering er ufullstendig

Verksemda har laga seg ei liste over kva som skal monterast av og tappast frå bilvraket under

miljøsaneringa. Katalysatorar står ikkje oppført på lista, men verksemda opplyste om at desse likevel vert fjerna frå bilvraka. Lista må oppdaterast til å gjelde alle fokusfraksjonar. jf. infoskrivet som er laga til kontrollaksjonen, TA 2787/2011.

1F) Ikkje miljøsanerte bilar vert stabla i høgda utanfor fast dekke

Verksemda har løyve til at det under normale driftstilhøve vert lagra maksimum 400 upressa og pressa bilvrak samtidig på plassen. Verksemda skal så snart som mogleg melde frå til fylkesmannen dersom det oppstår situasjonar som fører til ekstraordinære driftstilhøve. På tilsynsdagen sto det store mengder pressa og upressa/ikkje miljøsanerte bilar på området. Fylkesmannen talde ikkje bilane, men det vart opplyst at dei hadde totalt ca. 350 bilvrak lagra, dette talet vart ikkje dokumentert gjennom journalutskrift/logg. Verksemda sa sjølv at tal bilar hadde vokse dei over hovudet, men at dei no var klar over at forholdet måtte ordnast. Fylkesmannen gjer merksam på at grensa i løyvet for tal bilvrak ein kan ha på lager gjeld under normale driftstilhøve. I dette ligg det at dersom alle førehandsreglar vert gjort for å hindre ureining frå bilvraka så kan ein lagre inntil 400 bilvrak.

På tilsynsdagen sto det lagra om lag 250 bilar som ikkje var miljøsanerte, med 2 og 3 bilar i høgda utanfor fast dekke. Mange av desse hadde stått lagra slik gjennom vinteren. Desse bilvraka representerer ein betydeleg risiko for å lekke miljøfarlege væsker til grunnen og ut i sjø. Av omsyn til fare for lekkasje ved mellomlagring, skal miljøfarlege væsker og delar/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker fjernast frå vraka så raskt som mogleg etter innlevering (jf. løyvet punkt 2.2). Ei slik lagring av ikkje miljøsanerte bilvrak er ulovleg.

Fylkesmannen ser svært alvorleg på at tal bilar som ikkje er miljøsanert har hopa seg opp for verksemda og at så mange ikkje miljøsanerte bilar står utanom fast dekke. Verksemda har ikkje varsla fylkesmannen om dette ekstraordinære driftstilhøvet. Vi varsla munnleg under tilsynet at vi kom til å krevje at dette ulovlege forholdet vart rydda opp i.

Fylkesmannen pålegg verksemda om straks å få miljøsanert alle bilvrak som står utanfor fast dekke, få dei pressa og sendt inn til godkjent sluttbehandlar. Dersom lagringa har medført ureining i grunnen må ureina massar gravast opp og leverast godkjent mottak. Fristen for innsending av dokumentasjon på at dette er gjort vert sett til 20.10.11. Pålegget er gitt med heimel i ureiningslova § 73, jf. avfallsforskrifta § 17-6. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast i følgje forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker etter vedtaket er motteke jamfør forvaltningslova § 29.

Vi varslar i tråd med forvaltningslova § 16 at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføringa av pålegget, slik at det ulovlege forholdet vert retta opp snarast råd. Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt på kr: 1500,- kr pr. ikkje miljøsanert bil utanfor fast dekke må betalast dersom ikkje dokumentasjon er sendt oss innan 20.10.11 om at slik oppbevaring av bilvrak har opphøyrt. Heimelen for bruk av tvangsmulkt er ureiningslova § 73, jf. avfallsforskrifta § 17-6.

Fylkesmannen varslar at vi vil komme på ny kontroll hjå verksemda etter fristen for opprydding har gått ut.

Avvik 2: Verksemda manglar fast dekke i områder med fare for lekkasje og har ikkje tilfredsstillande kontroll med oljeutskiljar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 6 (tiltak for å redusere risiko) og internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrot), Løyvet av 17.06.2004, punkt 1.3, 2.2, 3.3

Avvik nr.

3A) Fast dekke manglar på vesentlege stader

Verksemda har til no berre hatt fast støypedekke der miljøsaneringa av bilar føregår. På grunn av kapasitetsproblem har ikkje miljøsanerte bilar stått lagra gjennom vinteren i stort antal i høgda på område med grusdekke. Verksemda har ikkje varsla fylkesmannen om dette forholdet. Verksemda opplyste også om at mobil bilpresse står på grusdekke når den pressar bilar for dei, men at det var oppsamling av pressevæske på pressa slik at det ikkje vart ureining av grunnen under pressing. Vi viser til avfallsforskrifta kap. 4 vedlegg 1 og løyvet av 17.06.2004 punkt 3.3 som set krav om fast dekke der ikkje miljøsanerte bilar står lagra, og der miljøsaneringa skjer og der pressing av bilvrak skjer. Det faste støypedekket skal vera tilkopla tett kum eller oljeutskiljar.

4B) Rutinar for drift av oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Det er ikke etablert noko rutine for periodisk kontroll av oljelagets tjukkelse eller som sikrar at oljeavskiljaren vert tømd minst 1 x pr. år. Manglande rutinar har ført til at oljeutskiljar ikkje vart tømd i 2010, siste gong den vart tømt var 05.11.09.

4C) Utslippskontroll med reinsa avløpsvatn frå oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Verksemda har ikkje laga nokon rutine for prøvetaking eller nokon gong teke prøvar av avløpet frå oljeutskiljaren. Oljeutskiljar og sandfang skal fungere, drivast og haldast vedlike i samsvar med rensetekniske funksjonskravet på maks innhald av olje på 50 mg/l som er satt til same type reinseanlegg regulert i § 15-7 i ureiningsforskrifta kapittel 15 om utslepp av oljehaldig avløpsvatn. Avløpet frå oljeavskiljar går i eigen utsleppsleidning ut i fjord i 6 m lengde.

Avvik 3: Verksemda si handtering av farleg avfall har manglar

Avvik frå: Avfallsforskrifta § 11-5 (lagring), § 11-8 (levering) og § 11-12 (deklarering), løyvet av 17.06.04 punkt 6.

Avvik nr.

5B) Mellomlagring av farleg avfall er ikkje tilfredsstillande

Verksemda lagrar farleg avfall delvis ute under presenning og delvis under tak i godkjente behaldarar. Avfallet er merka med innhald. Men det står store mengder farleg avfall på lager, og delvis utan oppsamlingsmuligheit ved evt. lekkasje eller uhell.

5C) Farleg avfall leverast ikkje alltid til godkjent mottakar for farleg avfall til rett tid

Verksemda har store lager av farleg avfall, spesielt frostvæske, bremsevæske og oljefilter. Mykje av dette har stått lagra i meir enn 12 mnd. Oljeutskiljar vart ikkje tømd i 2010 og kjølevæske har ikkje blitt levert på ei stund. Kravet er at alle farleg avfallsfraksjonar over 1 kg. skal leverast minst 1 gong årleg.

Avvik 4: Verksemda har ikkje ein internkontroll som er tilfredsstillande

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, 2.ledd punkt 6 (vurdere risiko), punkt 7 (rutinar for å førebyggje lovbrot)

Avvik nr.
6A) Det er ikkje etablert eit skriftleg avviksbehandlingssystem for ytre miljø
Verksemda har 2,5 årsverk og har laga seg ein enkel internkontroll og tenkt ein del over ulike problemstillingar knytt til arbeidsmiljø og ytre miljø. Verksemda hadde ikkje på tilsynsdagen eit fungerande avvikshandteringssystem, der ein registrerer og handsamar avvik for å unngå at forhold gjentek seg. T.d. at ikkje miljøsanerte bilar står utanom fast dekke og vert stabla i høgda, at ikkje det er fast dekke der den mobile pressa står plassert under pressing av bilar etc.

7A) Det er ikkje utarbeida ein skriftleg miljørisikoanalyse for biloppsamlingsplassen
Verksemda hadde ikkje ei skriftleg miljørisikovurdering av aktiviteten sin. Fylkesmannen påpeiker at ei fullverdig helse-, sikkerheits- og miljørisikovurdering må innehalde vurderingar av forhold som kan medføre ureining av ytre miljø. T.d om miljøsaneringa vert utført forsvarleg, om det er fare for ureining frå lagra bilar, verkar fast dekke og oljeutskiljar etter føremålet, vert farleg avfall handtert rett osv.

7C) Oppfølging og handtering av forhold med uakseptabel risiko er ikkje tilfredsstillande
Verksemda har sett problema med ikkje miljøsanerte bilvrak bokstaveleg talt tårne seg opp rundt seg, utan at ansvarleg miljøvernmyndigheit er varsla eller at det er laga ein skriftleg handlingsplan for korleis ein kan få redusert risikoen for ureining til miljøet. Fylkesmannen vart munnleg informert om kva tiltak som no vil bli sett i verk for å rydde opp i det uakseptable og ulovlege forholdet. Fylkesmannen har gitt pålegg om opprydding av ikkje miljøsanerte bilvrak på oppsamlingsplassen (sjå elles avvik 1).